

Innhold

Forskrift om vass- og avlaupsgebyr for Sund kommune	2
1. Generelle føresegner	2
§1-1. Føremål og omfang	2
§ 1-2. Definisjonar	2
§ 1-3. Gebyrtypar	4
§ 1-4. Klage og omgjering.....	4
§ 1-5. Fritidsbustadar	4
2. Eingongsgebyr for tilknytning	5
§ 2-1. Gebyrplikt	5
§ 2-2. Utforming av gebyret	5
§ 2-3. Gebyrsats.....	6
§ 2-4. Ansvar og betalingsfrist	6
3. Årsgebyr	6
§ 3-1. Gebyrplikt og iverksetjing	6
§ 3-2. Eigedom utan godkjent tilknytning eller fråkopling	6
§ 3-3. Ansvar for gebyra.....	6
§ 3-4. Utforming av gebyra	7
§ 3-5. Ansvar for opplysningar om abonnent	7
§ 3-6. Berekning av gebyr.....	7
§ 3-7. Betaling etter stipulert forbruk	8
§ 3-8. Betaling etter målt forbruk.....	8
§ 3-9. Retting av feil gebyrberekning	8
§ 3-10. Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine regler om prisavslag ..	8
4. Vassmålar.....	9
§ 4-1. Installasjon	9
§ 4-2. Eigarforhold.....	9
§ 4-3. Kostnader	9
§ 4-4. Avlesing av vassmålar	9
§ 4-5. Tilsyn og vedlikehald.....	9
§ 4-6. Presisjonskontroll	9
§ 4-7. Avrekning ved feilmåling	10
§4-8. Utsifting og flytting	10
5. Iverksetjing	10
§ 5-1. Iverksetjing og oppheving av tidlegare forskrift	10

Forskrift om vass- og avlaupsgebyr for Sund kommune

Forskrifta er vedteken av kommunestyret i Sund kommune 15.11.2016 med heimel i lov 2012 – 01-07 nr 35: Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og forskrift av 1 juni 2004 om avgrensing av forureining (forureiningslova) §16-1 andre ledd

1. Generelle føresegner

Det kommunale selskapet Sund vatn og avlaup AS er leverandør av vass- og avlaupstenestene. Sund kommune sine abonnentar betalar gebyra for vass- og avlaupstenester levert av kommunen.

Tilhøvet mellom abonnent og kommune er regulert av statlege lovar og forskrifter samt av kommunale forskrifter og abonnementsvilkår.

Sentrale føresegner når det gjelder vass- og avlaupsgebyr, er fylgjande:

- Lov av 2012 – 01.17 nr 35 om kommunale vass og avlaupsanlegg:
- Forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining, kapittel 16 om kommunale vass- og avlaupsgebyr
- Forskrift om vass- og avlaupsgebyr for Sund kommune (dette dokumentet)
- Gebyrregulativ for det einskilde år

§1-1. Føremål og omfang

Forskrifta gjeld alle abonnentar i Sund kommune og fastset grunnlaget for gebyra. Abonnentane skal betale for dei vass- og avlaupstenestene kommunen leverar. Plikta til å betala gebyr for vass- og avlaupstenester gjeld alle eigedomar, som er knytt til kommunale vass- og/eller avlaupsleidningar, eller som motteke andre vass- og/eller avlaupstenester frå Sund kommune. Plikta gjeld og for eigedomar der det er gjeve påbod om tilknytning med heimel i plan- og bygningslova §27-1 og §27-2, frå og med utlaup av den frist som er satt i påbodet.


§ 1-2. Definisjonar

I denne forskrifta meinast med:

- a) *Sanitærinstallasjonar/innvendige vass- og avlaupsinstallasjonar*: Røyr, installasjonar og utstyr eigd av abonnenten, innanfor husets yttervegg, som er tilknytt vass- og/eller avlaupsanlegg.
- b) *Private stikkleidningar*: Private leidningar/fellesleidningar (stikkleidningar) og utstyr mellom husets yttervegg, og offentleg vass- og/ eller avlaupsleidning inklusiv anboringsklave (jfr. VA Norm for Sund VA).
- c) *Abonnement*: Avtale mellom abonnent og kommune om vassforsynings- og/eller avlaupstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar, private stikkleidningar, og privat vass- og avlaupsanlegg til offentlege leidningar. Avtale om tilknytning via privat fellesleidning reknast som abonnement.
- d) *Abonnent*:
 - Eigar av eigedom som er registrert i Matrikkelen med eige gards- og bruksnummer, festenummer eller seksjonsnummer og knytt til kommunens vassforsynings- og/eller avlaupsanlegg, eller som er godkjent eller krevd tilknytt.
 - Eigar av eigen bueining, til dømes burettslagsleilegheiter m.v. og eigen næringseining.

- Fester av eigedom skal stå som abonnent for gjenstående festetid. då gebyrplikta inntrådte var 30 år eller meir, eller fester har rett til å få festeavtala forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikta inntrådte vil kunne verta 30 år eller meir.

- e) *Eigedom*: Fast eigedom registrert som sjølvstendig eining i Matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgjevinga om eigarseksjonar reknast som sjølvstendig eigedom.
- f) *Bygg*: Konstruksjon/byggverk med eiga bygningsnummer.
- g) *Brukseining*: Rom eller ein samling rom og opne delar som saman vert nytta til eit bestemt føremål av ein brukar, som kan vera eigar, leigar eller annan bruksrettshavar. Ei brukseining kan vera ein bygning eller ein del av ein bygning.
- h) *Bustad*: Brukseining med eitt eller fleire rom, bygd eller ombygd som heilårsprivatbustad for ein eller fleire personar, med separat inngang og eige kjøkken og tilgang til toalett. Leilegheiter vert rekna som bustad.
- i) *Utleigeleilegheit*: Bustad med eigen inngang, minst eitt rom og kjøken, i einebustad eller tilhøyrande garasje, stabbur eller anneks, som vert leigd ut.
- j) *Fritidsbustad*: Bygning som er registrert som fritidsbustad i Matrikkelen (bygningstype 161-163).
- k) *Næringseining*: Eit sjølvstendig lokale eller eigen eining, som vert nytta til næringsverksemd.
- l) *Bruksareal (BRA)*: Bruksareal for ein bygning eller brukseining som er registrert i Matrikkelen og berekna med utgangspunkt i NS 3940. Bruksareal gjeld alle måleverdige plan inklusivt overbygd areal.



- m) *Avlaupsvatn*: Både sanitært og industrielt avlaupsvatn og overvatn.
- n) *Stipulert forbruk*: Forventa forbruk hos ein abonnent, fastsettast på bakgrunn av bruksareal (BRA).
- o) *Tilknytingsgebyr*: Eingongsgebyr som vert betalt ved tilknytning til offentleg vass- og/eller avlaupsleidning.
- p) *Årsgebyr*: Gebyr som vert betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til kommunen sine vass- og avlaupstenester. Årsgebyret er delt i ein forbruksdel og ein fastdel.
- q) *Sjølvkost*: Den meirkostnaden kommunen har ved å produsera ein bestemt vare eller teneste. Meirkostnader er kostnader knytt til den samla produksjonen av den aktuelle vare eller teneste og er kostnader som ikkje ville ha kome til om tenesta ikkje vart produsert.

§ 1-3. Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- a) Eingongsgebyr for tilknytning for vatn og avlaup
- b) Årsgebyr for vatn og avlaup
- c) Oppmøtegebyr for avlesing av vassmålar ved manglande innrapportering
- d) Gebyr for kontroll av vassmålar
- e) Gebyr for plombering, stenging og opning av vassforsyning
- f) Gebyr for mellombels tilknytning, jfr. §2-1 f
- g) Gebyr for dekking av meirkostnader i samband med ulovleg tilknytning eller manglande oppfylging av pålegg om private stikkleidningar.

Kostnader knytt til vass- og avlaupstenester skal dekkjast inn gjennom gebyra etter sjølvkostprinsippet.

Gebyrsatsane vert vedtekne av kommunestyret i eige regulativ og er gjeldane frå det tidspunkt kommunestyret fastset.

Kommunestyret kan innføra eigne gebyrsoner for vatn og avlaup

§ 1-4. Klage og omgjering

Det er ikkje klagerett på gebyra som er fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ, jfr. *Forvaltningslova* sine avgjersle.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forskrifta, kan påklagast til Sund kommune. Rådmannen eller den rådmannen delegerer mynde til, skal som underinstans handsama klaga. Dersom klaga ikkje vert teken til fylgje vert klaga oversendt til det organ som skal førebu saka for vidare handsaming i kommunestyret eller i ei særskilt klagenemnd som av kommunestyret har gjeve mynde som klageinstans. Klageinstans er Sund kommune sitt forvaltningsstyre.

Gebyr skal som hovudregel betalast fullt ut, sjølv om utrekninga er påklaga. Dette gjeld etter 2.ledd. Kommunen, kan etter skriftleg søknad, godkjenne ei utsetjing av betalingsfrist.

§ 1-5. Fritidsbustadar

For fritidsbustadar og mobile bueiningar gjeld tilsvarande reglar som for bustad.

2. Eingongsgebyr for tilknytning

§ 2-1. Gebyrplikt

Nybygg og bustader innanfor forsyningsområdet til offentleg vassverk skal knytast til offentleg vassforsyning jfr. §27-1, 2.ledd i plan og bygningslova.

Same reglar gjeld for tilknytning til offentleg avlaup.

Eksisterande bygg og bustader innanfor forsyningsområdet til offentleg vassverk skal knytast til offentleg vassforsyning. Gebyrplikta gjeld frå tidspunktet for tilknytning eller frå tidsfrist gjeve i pålegg om tilknytning.

Same reglar gjeld for tilknytning til offentleg avlaup.

Vil tilknytning etter kommunen sitt skjøn føra med seg store kostnader, eller særlege omsyn tilseier det, kommunen kan, etter søknad, godkjenna ei anna ordning.

Eingongsgebyr for tilknytning skal betalast i fylgjande høve:

- a) Nybygg. Ved riving av eksisterande bygg og oppføring av nytt bygg med same formål, vert det gjeve frådrag av areal som tidligare er lovleg tilknytt offentleg vass- og/eller avlaupsanlegg etter gjeldande satsar. Ved endring av bygget sitt formål vert opphavsleg formål lagt til grunn for frådrag for areal, som tidligare er lovleg tilknytt offentleg vass- og/eller avlaupsanlegg.
- b) Tilleggsgebyr krevjast for tilbygg eller påbygg som aukar bygningens areal:
 - for bustadeigedom når auking i arealet fører til auking i antal bueiningar, jfr. § 1-1 bokstav g.
- c) Eksisterande bygg som vert/kommunen krev tilkopla.
- d) Eksisterande bygg med tilkopling som ikkje er godkjent.
- e) Annan permanent tilknytning til kommunalt vass- og/eller avlaupsanlegg, f.eks. vatnsganlegg for landbruk, idrettsanlegg m.v.

I tillegg til dei tilfella som går fram av bokstav a-e ovanfor, skal det betalast eingongsgebyr for tilknytning dersom talet på gards- og bruksnummer, festenummer, seksjonsnummer og bu- eller næringseiningar aukar.

Eingongsgebyret for tilknytning skal ikkje betalast i fylgjande tilfelle:

- f) Bygg med mellombels tilkopling inntil 1 år f.eks. brakkerigg. Dersom den mellombels tilknytninga strekkjer seg ut over 1 år, skal det betalast vanleg tilknytingsgebyr. Alle kostnader for tilknytning og fråkopling skal betalast av abonnenten.
- g) Særskilt tilknytning av sprinkleranlegg på eigedom der det er betalt tilknytning av ordinært vatn og avlaup.
- h) Mobile bueiningar (campingvogner o.l.)

§ 2-2. Utforming av gebyret

For nybygg og eksisterande bygg vert eingongsgebyr for tilknytning for vatn fastsett per m2 bruksareal (BRA) med grunnlag i NS 3940 for heile bygget under eitt. For nybygg med areal under 60m2 er eingongsgebyr for tilknytning for vatn og avlaup eit fast grunnbeløp.

§ 2-3. Gebyrsats

Storleiken på gebyrsatsane fastsettast årlig av kommunestyret og framkjem av gebyrregulativet.

Gebyret vert fastsett etter gjeldande sum på tilknytningstidspunktet.

Dersom søknad om tilknytingsrett for nybygg ikkje vert levert før tilknytninga finn stad, er tilknytningstidspunktet avgjerande for gebyret sin storleik.

For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent, vert tilknytningstidspunktet så langt det let seg gjere forsøkt kartlagt og dokumentert. Tilknytingsgebyret er den til ei kvar tid gjeldande sum for tilknytning.

§ 2-4. Ansvar og betalingsfrist

Abonnenten har ansvar for å søkja om tilknytingsrett til offentleg vass- og avlaupsnett. Eingongsgebyr for tilknytning skal vera betalt før tilknytninga finn stad. Abonnenten har ansvar for at gebyret vert betalt.

3. Årsgebyr

§ 3-1. Gebyrplikt og iverksetjing

Årsgebyr skal betales for alle bygg, brukseiningar, næringseiningar, bustader, mobile bueiningar og fritidsbustader som:

- a) er tilknytt kommunalt vass- eller avlaupsanlegg
- b) er pålagt tilknytning i medhald av lov og fristen for tilknytning er gått ut skal betala årsgebyr.

Gebyrplikta tek til når tilknytninga har, eller skulle ha funne stad.

§ 3-2. Eigedom utan godkjent tilknytning eller fråkopling

Er tilknytning ikkje godkjent av kommunen, skal abonnenten betala gebyr frå og med det tidspunkt tilknytninga er føreteke. Har kommunen ikkje anna berekningsgrunnlag, utmålast gebyret etter skjønn. Tilknytningstidspunktet skal så langt det let seg gjere vera kartlagt og dokumentert. Slik berekning inneber ikkje at kommunen har godkjent tilknytninga. Tilkoplinga vert først godkjent dersom skriftleg søknad vert godkjent.

Er fråkopling ikkje godkjent av kommunen, skal abonnenten betala gebyr inntil fråkopling er godkjent.

§ 3-3. Ansvar for gebyra

Det er den til kvar tid gjeldande eigar av eigedomen som er ansvarleg for avgifta. Abonnenten har ansvar for betaling av gebyr, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningsmottakar.

Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter lov om eigarseksjonar, er kvar abonnent ansvarleg for den mengdevariabeldel av gebyret i høve til sin eigardel, dersom ikkje annan fordeling er fastsett i sameiget sine vedtekter eller bindande vedtak i sameiget. Det skal betalast eit fastledd per bustad/eigarseksjon.

Gjeld slikt samarbeid eit burettslag er abonnenten (burettslaget) ansvarleg for gebyret. Det skal betalast eit fastledd per bustad/andelsleilegheit.

§ 3-4. Utforming av gebyra

Det vert nytta ein todelt gebyrmodell for utrekning av årsgebyr for vassforsyning og avlaup med:

- En fast del (fastledd)
- En mengdevariabel del (forbruksledd)

Kor stor del av årsgebyret som skal vera høvesvis fast og variabel del, fastsetjast kvart år i gebyrregulativet. Det same gjelder gebyrsatsane.

Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret.

Gebyr for avlaup vert fastsett etter prinsipp om at vassforbruket inn er lik avlaupsmengda ut.

Det skal betalast fastledd per brukseining. Bustader med utleigeleilegheiter betaler årsgebyr per brukseining. Det skal betalast forbruksledd etter stipulert eller målt forbruk per brukseining.

§ 3-5. Ansvar for opplysningar om abonnent

Abbonnten har ansvaret for at kommunen har korrekt informasjon for fastsetjing av korrekt gebyr. Endringar som ikkje har vorte meldt og som påverkar gebyret kan krediterast/etterfakturerast i samsvar med reglane om forelding.

Abbonnten skal melda endringar i abonnementsforholdet til kommunen.

Inntil melding om endring er registrert skal abonnenten betala årsgebyr som tidlegare.

§ 3-6. Berekning av gebyr

Same forbruk i m³ vert lagt til grunn for berekning av både vass- og avlaupsgebyr.

Vassforbruket til sprinklaranlegg er ikkje gebyrpliktig.

Fråflytting eller fråvær gjev ikkje grunnlag for frådrag i gebyr.

Dersom ein eigedom vert fråkopla det offentlege vass- og/eller avlaupsnett ved at stikkleidning vert plugga ved hovudleidninga, kan abonnenten søkje om fritak for årsgebyr. Dersom søknaden vert innvilga vil kommunen krevje betaling for tilkopling/fråkopling.

Er busetnaden på eigedomen fjerna, eller øydelagt slik at den ikkje kan brukast, betales fastledd inntil stikkleidning er fråkopla (plugga) ved hovudleidninga. Storleik på gebyret går fram av gebyrregulativet.

For næringsverksemd der forbruket av vatn til produksjon medfører at mengda av avlaupsvatn avvikar vesentlig frå målt vassforbruk, kan kommunen, etter søknad frå

abonnenten basera avlaupsgebyret på eiga måling av tilført avlaupsvatn til kommunalt nett, eller på særskilt avtale.

For avlaupsvatn som avvik frå vanlig hushaldningsavlaup og verker fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sitt avlaupsanlegg, kan kommunen fastsetja eit tillegg til avlaupsgebyret til dekning av meirkostnadane. I slike tilfelle må det inngås ein separat avtale mellom kommune og abonnent.

For avlaupsvatn frå produksjonsprosess e.l. som etter eiga løyve frå kommunen er tillate ført i grunnen, i privat leidning direkte til vassdrag eller sjøen, eller i separat kommunal overvassleidning, betalast ikkje avlaupsgebyr. Slikt vann skal målast separat av abonnenten.

§ 3-7. Betaling etter stipulert forbruk

Bustader som ikkje har montert vassmålar skal betale gebyr etter stipulert forbruk.

Stipulert forbruk vert fastsett ut frå bustadene sitt bruksareal (BRA) slik det er registrert i Matrikkelen, der det i gebyrregulativet vert fastsett eit forholdstal mellom bruksareal og vassvolum. Dersom BRA etter NS3940 ikkje er kjent kan anna registrert arealdata nyttast til BRA føreligg.

Har eigedommen utvendig eller innvendig basseng på over 3 m³, skal den betale gebyr etter målt forbruk.

§ 3-8. Betaling etter målt forbruk

Bygg for næringsformål, offentlege formål og næringsdel skal betala gebyr etter målt forbruk.

For midlertidige tilknytningar kan kravet om vanlig vassmålar fråvikas, dersom vassforbruket kan fastsettast på andre måtar.

§ 3-9. Retting av feil gebyrberekning

Har mangelfulle eller feile opplysningar ført til feil gebyrutrekning, skal utrekninga verte retta og differansen gjort opp. Forureningsforskrifta §16-6, §26 i lov om eigedomsskatt for kommunane og forskrift av 18.desember 1987 nr 977 om rentegodtgjering når eigedomsskatt vert innbetalt for seint eller betalt attende vil gjelde tilsvarande for renteplikt ved for sein betaling og/eller tilbakebetaling av vass- og avlaupsgebyr.

Rentegodtgjering vert fastsett i tråd med den til ei kvar tid gjeldande forseinkingsrenta som fylgjer Forseinkingsrentelova av 17. desember 1976 nr 100. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar vert ikkje dekkja.

§ 3-10. Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine regler om prisavslag

Kommunen kan gje reduksjon (prisavslag) ved feil eller mangel ved vassforsyning i medhald av Forbrukarkjøpslovas regler om prisavslag.

4. Vassmål

§ 4-1. Installasjon

Kommunen bestemmer:

- Kor mange vassmålalar den enkelte abonnent skal ha
- Type, storleik og plassering
- Når målar skal verta installert
- Pålegg om å skifte vassmålar

Bygg for næringsformål, offentlege formål og næringsdel skal ha installert vassmålalar. Dette gjeld for nye og eksisterande einigar.

§ 4-2. Eigiarforhold

Den som har kosta vassmålaren er eigar av denne.

§ 4-3. Kostnader

Abbonnten kostar installasjon, drift og utskifting av vassmålare.

§ 4-4. Avlesing av vassmål

Abbonnten skal lese av vassmålalar så nær fastsatt tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsatt frist.

Unnlet abonnenten å foreta avlesing, kan kommunen fastsetje årsgebyret skjønsmessig etter purring på grunnlag av tidligare forbruk eller med grunnlag i stipulert forbruk etter eininga sitt areal. Kommunen kan også sjølv foreta avlesing utan ytterligere varsel til abonnenten og kan krevje særskilt gebyr for dette.

§ 4-5. Tilsyn og vedlikehald

Abbonnten skal halda målar lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn.

Abbonnten skal føre tilsyn med målar. Vert ein målar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Som skade reknast også at plombering av målar er broten.

Kommunen kan føre tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg uopfordra.

§ 4-6. Presisjonskontroll

Eigenkontroll:

- Kommunen skal rettleia abonnentane om eigna metode for eigen kontroll av målar.

Enkel kontroll:

- Både kommunen og abonnenten kan krevje ytterligere presisjonskontroll av målar. Kommunen avgjer om kontrollen skal foretas av kommunen eller av ekstern kontrollinstans.
- Kontrollen skal utførast med måleutstyr og prosedyrar for måling som er akseptert av Justervesenet. Kontrollen skal gjelde heile det aktuelle måleområdet.

Utvida kontroll:

- Krevjar abonnenten ytterligare nøyaktighetskontroll av måler, skal abonnenten bera kostnadene ved slik kontroll dersom kontrollresultatet ligg innanfor feilmarginen etter § 4-7. I motsatt fall dekker kommunen kostnadene.

Justering eller utskifting av målaren:

- Dersom målenøyaktigheten ikkje er tilfredsstillande, skal målaren justerast eller skiftast ut. Krav om å endra måleområde for ny måler skal vurderast.

§ 4-7. Avrekning ved feilmåling

Dersom målaren ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga. Er plomberinga av målaren broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga reknast frå det tidspunkt feilen må ha oppstått.

Krav som er forelda etter reglene om foreldelse av fordringar, dekkast ikkje.

Viser målaren meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarande regler.

§4-8. Utskifting og flytting

Er målenøyaktigheten for dårlig, bestemmer kommunen om målaren skal justerast eller skiftast ut. Når vanlig levetid for ein målar er nådd, kan kommunen bestemme at målaren skal skiftes ut heilt eller delvis.

Kommunen kan krevje flytting av måler som er plassert i strid med kommunens krav til plassering. Abonnenten kostar slik flytting.

5. Iverksetjing

§ 5-1. Iverksetjing og oppheving av tidlegare forskrift

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2017.

Frå same tid opphevast Forskrift 01.07.2002 for vass- og avlaupsgebyrer i Sund kommune.